# Handlingsplan 2023 – 2024

# Utdanningsforbundet i Hå

Innledning:

LL=Lokallagsleder

HTV= Hovudtillitsvalt

## Hovudoppgåver for styret i lokallaget

- Leia verksemder i lokallaget.
- Utarbeida budsjett.
- Disponera lokallaget sine midlar innafor ramen av vedtekter og vedtak.
- Legga fram årsmelding og rekneskap for fylket og årsmøtet.
- Innkalla og førebu saker med innstilling til årsmøte / medlemsmøte.
- Handsama forslag og førespurnadar frå medlemmar / klubbar.
- Nemna opp medlemmar til eventuelle råd og utval.
- Ha tillitsvalte på arbeidsplassen.
- Skulering
- Arrangera medlemsmøte.
- Arrangera leiarforum.
- Driva vervearbeid.
- Arbeida for synleggjering og arbeida med å påverka.
- Lokalpolitisk påvirking.

## Styring, leiing og partssamarbeid

| Tema | Mål | Tiltak | Ansvar | Status |
|---|---|---|---|---|
| Styre-<br>arbeid | Skapa eit velfungerande styre som speglar medlemsmassen, og som arbeider aktivt for gode arbeidsvilkår og profesjonsutvikling i kommunen. | Ha månadlege styremøte med aktuelle saker på dagsorden. | LL *<br>styret | |
| Kultur | Ein kultur der leiarar og tilsette vert stimulert til konstruktiv debatt om politiske vedtak og prioriteringar. Oppleva ei reell medbestemming og medskaping. Sikra vertikal informasjon. | Jamnlege møte:<br>• Kommunalsjef, barnehagesjef, skulesjef<br>• Styringsgruppa i Jærskulen.<br>• Administrasjons-utval. | HTV* | |
| Sikra ATV | Det skal vera tillitsvalde på alle arbeidsplassar. | Sikra god informasjonsflyt mellom leder og ATV. | LL + HTV | Kommunale skuler har ATV, 6 bhg har ATV, ein bhg har kontaktperson<br>PPT har ATV, Jærmuseet har ATV, Tryggheim U har ATV, Tryggheim VGS har kontakt-person. |
| Leiarar i skule og barnehage | Skapa eit fora der leiarmedlemmar kan ta opp saker kring deira arbeidssituasjon. Sikra leiarar nok tid til å utføra både administrative oppgåver og til å leia det pedagogiske arbeidet. | Leiarforum.<br>Fagleg påfyll i form av kurs og skulering. | HTV<br>Leiarane pr. i styret | Prioritera til hausten for ass. styrarar og lag/ avdelings-leiarar |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Samarbeid i Jærskulen | Samarbeida med hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet i Jærskulen. | Delta i nettverksmøte og arrangera møter saman.<br><br>Vera ein del av styringsgruppa. | HTV<br><br>ATV | |

## Kvalitet og profesjonsutvikling

| Tema | Mål | Tiltak | Ansvar | Status |
|---|---|---|---|---|
| Innhald i skule og barnehage | Utdanningsforbundet i Hå skal opplevast som ein aktiv part i planlegging av innhald i barnehage og skule. | Vera representerte i råd og utval som handterer saker som angår profesjonen.<br><br>Ha jamlege møte med leiarane i O/K | HTV<br><br>LL<br><br>Styret | |
| Alle barn har rett til ein utdanna lærar | Me skal ha utdanna pedagogar i lærarstillingane i barnehagane og skulane. | Arbeida for at alle nye tilsette skal vera pedagogisk utdanna. | HTV<br><br>Styret | |
| Rekrutter-ing | Arbeida aktivt for å bidra til rekruttering av kvalifisert personale til skulane og barnehagane. | Arbeida for gode arbeidsvilkår for tilsette i Hå<br><br>Vera ein pådrivar for fleire praksisplassar i Hå | Styret<br>HTV<br><br>LL | |
| Tilsetting av pedagogar | Me vil arbeida aktivt for å sikra ryddige tilsettingstilhøve i kommunen | Opplæring av tillitsvalde som skal vera med i denne prosessen. | HTV<br><br>ATV | |

## Løns- og arbeidsvilkår

| Tema | Mål | Tiltak | Ansvar | Status |
|---|---|---|---|---|
| Lokale løns-forhandlingar | Medlemmane våre skal ha løns- og arbeidsvilkår som verker motiverande og rekrutterande. Det er naturleg å samanlikne med dei andre kommunane i Jærskulen og Jærnettverket i dette arbeidet. | Medlemsgruppa skal høyrast og informerast i forkant og etterkant av lokale lønsforhandlingar. Dei som forhandlar lokal løn for Utdannings-forbundet, skal delta på skulering. | HTV<br>LL<br>Forhand-lingsutval | |
| Seniortiltak | Sikra gode seniortiltak som lettar arbeidsbyrda og gjer det lettare å stå i arbeidet. | Informera dei aktuelle medlemmane for å sikra deira rettar. | HTV<br>ATV | |
| | Sørga for god informasjon frå organisasjonen i overgangen til det å gå frå aktivt arbeid til pensjonist | Gi informasjon til klubbane om pensjon og pensjonistmedlemskap | LL<br>ATV | |
| Rettleiing av nye tilsette | Arbeida for å sikra at nye tilsette får tilstrekkeleg med rettleiing. | Sikra informasjon til dei som har krav på rettleiing | HTV<br>LL<br>ATV | |
| Samarbeid | Binda dei ulike medlemsgruppene sine interesser saman. | Felles medlemsmøte med aktuelle tema. | HTV<br>LL<br>Styret | |

## Organisasjon i utvikling

| Tema | Mål | Tiltak | Ansvar | Status |
|---|---|---|---|---|
| ATV | Dei tillitsvalte skal kjenna seg trygge i rolla og har kunnskap om oppgåver dei er sette til å løysa | Gjennomføra skulering og oppfølging av ATV-ar frå HTV, fylkeslaget og styret. | HTV<br>Fylkeslaget | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kunnskap | Medlemmane skal ha kunnskap om sine rettar og plikter og oppleva at ein er knytta til organisasjonen. | Arrangera minst to medlemsmøte i året. | HTV<br>LL<br>Styret | |
| Informasjon | Alle medlemmar skal oppleva å få tilstrekkeleg informasjon. | Ha oppdaterte medlemslister, senda ut informasjonsskriv via e-post og oppslag på den enkelte arbeidsplass. | HTV<br>LL<br>ATV | |
| Aktive klubbar | Alle arbeidsplassar skal ha aktive klubbar. | Utarbeida lokale årshjul for klubbarbeid | LL<br>HTV<br>ATV | |
| Medlems-verving | Rekruttera medlemmar til Utdanningsforbundet | Synleggjera seg sjølv som tillitsvalt og Utdanningsforbundet på arbeidsplassen. Laga gode informasjons-rutinar. | ATV<br>HTV<br>LL<br>Styret | |

## Prioriterte satsingar

| Tema | Mål | Tiltak | Ansvarleg | Status |
|---|---|---|---|---|
| Tillitsvalde i barnehagar | Ha tillitsvalde i alle barnehagar | Besøke barnehagane<br>Arrangere medlemsmøte med god info om mogelegheiter og styrker ved tillitsvald-apparatet. | LL<br>HTV<br>styret | 6 bhg. har ATV |
| Betre kontakten med dei private | Ha tillitsvalde i alle einingar. | Ta kontakt pr e-post og gå på besøk. | LL | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| skulane og barnehagane. | | Arrangere klubbmøte/ medlemsmøte | | |